



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 16.03.2021  
Vår ref: 21/00263-3  
Deres ref:

## Høring av søknad om driftskonsesjon for Dyrshaugen Næringområde i Sunnfjord kommune. Søkjar: Magne Hafstad AS

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

### SVALBARDKONTOR

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43. Ein driftskonsesjon fastset blant anna korleis mineralførekomsten skal takast ut, korleis uttaksområdet skal sikrast under og etter enda drift, og andre forhold som må takast hand om under drifta. Driftsplanen for uttaket er ein del av høyringsdokumenta.

For at søknaden skal bli så godt opplyst som mogleg, sender vi saka på høyring, jf. forvaltningslova § 17. Heile eller delar av høyringsfråsegna kan bli refererte i vedtaket om driftskonsesjon.

Vi presiserer at det er kommunen som bestemmer arealbruken i medhald av plan- og bygningslova.

Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke, legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.

### Høyringsfrist: 16. april 2021

Høyringsdokumenta er tilgjengeleg på <https://dirmin.no> under «saker til høring».

### Samandrag av søknaden

DMF har motteke søknad om driftskonsesjon frå Magne Hafstad AS (org. nr. 974 536 935), for uttak på 60/1 i Sunnfjord Kommune. Omsøkt areal er på ca. 17 daa, og går fram av kart som er en del av søknadsvedlegga.

Planlagd årleg uttak er oppgitt til 20 000 m<sup>3</sup>, mens planlagt totalt uttaksvolum er oppgitt til ca. 90 000 m<sup>3</sup> masse. Dette gir en anslått levetid på uttaket på ca. 4,5 år.

Uttaksressursen er lausmasser som vil bli nytta som byggeråstoff.

Det omsøkte konsesjonsområdet er i den kommunale reguleringsplanen «Dyrshaugen Næringsområde», med planID 4647\_143220160001 regulert til «Steinbrot og masseuttak BMS».



### **Kva vurderer DMF i samband med søknaden?**

DMF vurderer søknadene etter skjønn før vi eventuelt tildeler driftskonsesjon. I vurderinga legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten. Det vil seie om prosjektet synest økonomisk gjennomførleg, om søkjaren har god nok kompetanse, og om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift av førekomsten. Vi vurderer òg

- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling
- korleis tiltaket påverkar naturgrunlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

### **Forventingar til høyringsfråsegnene**

DMF oppfordrer om at høyringsfråsegna inneheld grunngjevne synspunkt på om driftskonsesjon skal tildelast eller ikkje med bakgrunn i dei forhold som DMF skal vurdere. Om det er forhold som ikkje er tilstrekkeleg opplyst i søknaden, ber vi om informasjon om det.

Vi ber særleg kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfald, kulturminne og inneber forureining. Vidare ber vi om instansane si vurdering av eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår.

Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høyringa.

Høyringsfråsegnene skal sendast til e-post: [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no) eller med ordinær post: Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Ladebekken 50, 7066 Trondheim

For nærmere informasjon om mineralloven med tilhørende forskrifter, se hjemmesiden vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finner du også vår digitale kartløyning, som er et nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettigheter m.m., supplert med relevante kartdata fra andre etater.

Vennlig hilsen

Magnus Aune Ligård  
overingeniør

Vegard Nymo  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.*  
Saksbehandler: Vegard Nymo



Vedlegg:  
Høringsvedlegg\_Dyrshaugen Næringsområde

Mottakere:

Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER
Statsforvalteren i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
BKK Nett AS	Postboks 7050	5020 BERGEN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802 FØRDE
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN

Kopi til:

Magne Hafstad AS	Hafstadvegen 72	6800 FØRDE
------------------	-----------------	------------